

# Retningslinjer for tildeling av sals- og skjenkeløyve i Stord kommune 2024-2028



Foto: Haldis Lauksund

## **Innholdsliste:**

|   |              |
|---|--------------|
| <b>1. Innleiing</b>   | <b>s. 3</b>  |
| <b>2. Kommunen sitt handlingsrom</b>                            | <b>s. 3</b>  |
| <b>3. Tildeling av sals- og skjenkeløyve</b>                    | <b>s. 4</b>  |
| 3.1. Førstegongsløyve   |              |
| 3.2. Løyve i kjøpesenter  |              |
| 3.3. Institusjonar  |              |
| 3.4. Ambulerande skjenkeløyve                                   |              |
| 3.5. Tilreisande fartøy   |              |
| <b>4. Desse får ikkje tildelt fast løyve</b>                    | <b>s. 5</b>  |
| 4.1. Konsept  |              |
| 4.2. Særskilte lokale og plassering                             |              |
| <b>5. Salsløyve</b>   | <b>s. 7</b>  |
| 5.1. Vilkår som gjeld for faste salsløyve i løyveperioden       |              |
| <b>6. Skjenkeløyve</b>  | <b>s. 7</b>  |
| 6.1. Vilkår som gjeld for faste skjenkeløyve i løyveperioden    |              |
| 6.2. Vilkår som gjeld for skjenking utandørs i løyveperioden    |              |
| 6.3. Konsept og vilkår knytt til konseptane i løyveperioden     |              |
| 6.4. Utvida skjenkeløyve for eitt enkelt høve                   |              |
| <b>7. Skjenkeløyve for eitt enkelt høve</b>                     | <b>s. 11</b> |
| 7.1. Vilkår knytt til arrangementet                             |              |
| 7.2. Ambulerande skjenkeløyve                                   |              |
| <b>8. Årsavgift for faste løyve og gebyr for enkeltløyve</b>    | <b>s. 12</b> |
| 8.1. Utrekning av årsgebyr                                      |              |
| 8.2. Gebyr for enkeltløyve                                      |              |
| 8.3. Ambulerande skjenkeløyve                                   |              |
| <b>9. Sakshandsamingstid</b>                                    | <b>s. 13</b> |
| 9.1. Pårekna sakshandsamingstid for ulike sals- og skjenkeløyve |              |
| <b>10. Kontroll med kommunale sals- og skjenkeløyve</b>         | <b>s. 14</b> |
| 10.1. Rapportering  |              |
| <b>11. Ved brot på alkohollovregelverket</b>                    | <b>s. 14</b> |

## 1. Innleiing

Sal, skjenking og tilverking av alkoholhaldig drikk kan berre skje med eit kommunalt løyve etter alkohollova, og vert gjeve for ein periode på inntil fire år om gongen.

Alkohollova opnar for at kommunen kan utarbeida lokale retningsliner for tildeling av sals- og skjenkeløyve for å regulera løyvepolitikken sin og fremja folkehelsa i kommunen.

Det er mål om at kommunen sin løyvepolitikk skal vera balansert mellom alkohollova sitt føremål om å avgrensa dei samfunnsmessige og individuelle skadane alkoholbruk kan føra til, og næringa sitt behov for føreseielege rammevilkår.

Alle faste løyve opphøyr 30. september året etter nytt kommunestyre tiltrer. Ved søknad om fornying eller vidareføring av løyvet, vil kunnskap om korleis løyvet har blitt utøvd bli lagt til grunn for vurderinga. Dette kan til dømes vera brot på alkohollova, uromeldingar, konsept og aldersgrenser m.m.

## 2. Kommunen sitt handlingsrom

I høve til følgjande punkt er det rom for å vedta lokale retningsliner som standardiserer skjønnet slik at det ikkje er naudsynt å føreta eit heilt fritt skjønn i kvar enkelt sak:

### 1. Antal sals og skjenkeløyve

Kommunen kan vedta at det ikkje skal bli gjeve meir enn eit bestemt antal løyve til sal eller skjenking. Det er i dag ikkje sett tak på sals- og skjenkeløyva i Stord kommune.

### 2. Vedta unntak for hovudregelen om opphøyr av løyve ved utløp av løyveperioden

Etter at nytt kommunestyre tiltrer kan kommunen, ved gjennomgang av eigen alkohol- og løyvepolitikk, fatta vedtak om at kommunen sine sals- og skjenkeløyve likevel ikkje skal opphøyr, men gjelda vidare for ein ny periode, samt avgjera kva løyve som skal vidareførast og kva løyve som må søka om fornying.

### 3. Vilkårsfastsetting

Kommunen har høve til å stilla vilkår i sals- og skjenkeløyva. Dette er eit alkoholpolitisk verkemiddel som gjev kommunen høve til å styra næringa i ønskja retning.

Det må vera ein sakleg samanheng mellom godet som vert tildelt og vilkåra som vert stilte. Vilkår som bidreg til å fremja alkohollova sine formål, førebyggja skadeverknadane som løyvet kan føra til eller letta kontrollen med ordninga, vil normalt bli vurderte som saklege. Det kan også stillast vilkår med omsyn til forsvarleg utøving av løyvet, samt krav til kunnskap om alkohollova hos løyvehavar og dei tilsette.

For å redusera tilgjenge på alkohol kan kommunen også fastsetja generelle retningsliner knytt til driftskonsept.

### 4. Driftskonsept

Det følgjer av [alkohollova § 4-2](#), at eit skjenkeløyve gjeld for ei særskild type verksemd. Det inneber at det må vera klart kva type skjenkeverksemd som skal drivast innanfor det aktuelle arealet. Kommunen kan krevja at søkjaren legg fram

ein konseptbeskriving i søknaden. Driftskonseptet som vert lagt til grunn ved tildeling av løyvet, vil leggja grunnlag for seinare kontrollar.

#### 5. Oppretting av ambulerande skjenkeløyve

Eit ambulerande løyve vert først knytt til person og lokale ved tildeling av løyvet og kan berre brukast til lukka lag. Dersom slike løyve vert oppretta, må kommunestyret fastsetja eit bestemt tal ambulerande løyve, jf. [alkoholova § 4-5](#).

#### 6. Sals- og skjenketider

Det følgjer av [alkoholova § 4-4](#) at bestemminga om normalt tid ikkje avgrensar kommunen sitt høve til å regulera sals- og skjenketidene gjennom forskrift, gjeve med heimel i [serveringslova § 15](#).

#### 7. Gebyr for enkeltløyve

Minimumsgebyr følgjer av [alkoholforskrifta § 6-2](#). Kommunen kan likevel i nokre særskilte tilfelle bestemme at gebyret skal setjast lågare.

### 3. Tildeling av sals- og skjenkeløyve

Faste sals- og skjenkeløyve, samt løyve for ulike enkelthøve vert tildelte av kommunen. I vurderinga om det bør tildelast løyve, kan kommunen leggja vekt på det totale talet sals- og skjenkestader, staden sitt konsept og karakter, plassering, målgruppe, nærmiljøet og lokalmiljøet for øvrig. Det kan også bli lagt vekt på om løyvesøkjar eller personar i tilknytning til verksemda er skikka til å ha løyve, jf. [alkoholova § 1-7a](#).

#### 3.1. Førstegongs løyve

Ved søknad om førstegongs sals- eller skjenkeløyve må løyvehavar, før søknaden vert handsama politisk eller administrativt, ha sendt inn følgjande dokumentasjon:

1. Målsett teikning med tydeleg markering av sals- eller skjenkearealet
2. Beskriving av staden sitt driftskonsept. Skjenkelokalet må ha eit tydeleg konsept som vert spegla i lokalet og interiøret
3. Godkjent leigekontrakt/skøyte
4. Beskriving av verksemda si internkontroll etter alkoholforskrifta [kap. 8](#), jf. [guide til god internkontroll etter alkoholova](#) og utfylt internkontrollskjema frå Helsedirektoratet, tilpassa eiga verksemd og konsept: [Mal: Internkontroll for skjenkestader/salsstader](#)
5. Dokumentasjon på at styrar og reservestyraryr er fast tilsette i verksemda
  - Gjeld ikkje enkeltløyve
6. Dokumentasjon på bestått kunnskapsprøve
  - For enkelthøve, større arrangement, dokumentasjon på gjennomført [ansvarleg vertskapskurs](#) eller kunnskapsprøve i alkoholova
7. Gjeld løyve for eitt enkelthøve
  - Stadfesting av innmelding av arrangementet til Stord brann og redning
  - Stadfesting av innmelding av arrangementet til Sør-Vest politidistrikt

For å bidra til å skapa eit trygt og godt uteliv, vert det lagt til grunn for vedtak om skjenkeløyve at løyvehavaren gjer seg kjent med, og ivaretek sine plikter gjeve med heimel i [politilova § 11](#), og [forskrift om politivedtekter for Stord kommune, Vestland](#) ved gjennomføring av tilbod/arrangement.



### 3.2. Løyve i kjøpesenter

For å skapa gode alkoholfrie opphaldsareal/soner for barn og unge er det berre konseptet «Spisestad» som kan få skjenkeløyve i kjøpesenter. For å skapa eit tydeleg skille mellom dei alkoholfrie sonene og dei områda der det er tillate med utskjenking av alkoholhaldig drikke vert det stilt følgjande vilkår:

1. Spisestaden må vera tydeleg skild frå resten av senteret i form av fastmonterte vegger og dører.
2. Dersom ein skal ha opningstid når resten av senteret er stengt, må spisestaden ha eigen, separat og universell utforma tilkomst frå utsida av senteret.

### 3.3. Institusjonar

I institusjonar eller bustader med heildøgn omsorgsteneste kan det serverast alkoholhaldig drikke utan skjenkeløyve til eigne bebuarar og gjestene deira, jf. [§ 8-9](#). Servering av alkoholhaldig drikke mot betaling krev ambulerande skjenkeløyve, jf. [§ 4-5](#).

### 3.4. Ambulerande skjenkeløyve

Stord kommune har oppretta fem ambulerande skjenkeløyve for lukka private samkome, jf. [alkohollova § 4-5](#).

### 3.5. Tilreisande fartøy

Tilreisande fartøy som søker om skjenkeløyve for eitt enkelt høve, må ha fast kommunalt skjenkeløyve frå heimkommunen, jf. [alkohollova § 1-7](#). Det kan i særskilde høve, etter ei konkret heilskapsvurdering, gjerast unntak dersom utøving av skjenking på fartøyet ikkje er ein del av fartøyet sitt ordinære driftskonsept.

## 4. Desse får ikkje tildelt fast løyve

Kommune har eit vidt høve til å nytta skjønn i sals- og skjenkesaker, som kan føra til utfall av ein søknad frå kommune til kommune. Omsyna kommunen må ta i handsaminga av slike søknader er mellom anna utfordringar knytt til kontroll med utlevering av alkoholhaldig drikke. Kommunen står fritt til å avslå søknader frå aktørar som ønskjer å driva med ei type verksemd som kommune ikkje ønskjer.

#### 4.1. Konsept:

##### 1. Ubemannsal

I tråd med alkohollova, og for å sikra forsvarleg kontroll med og ei forsvarleg utlevering av alkoholhaldig drikke, vert det i Stord kommune ikkje tildelt salsløyve til ubemannsal av alkoholhaldig drikke gruppe 1.

##### 2. Nettsal

For å avgrensa tilgangen til alkoholhaldig drikke og førebyggja dei skadane som alkoholbruk kan føra til, samt sikra ei forsvarleg utøving og gjennomføra god kontroll med salsløyva, tildeler Stord kommune ikkje salsløyve for nettsal av alkoholgruppe 1.

##### 3. Fastfood og sjølvbetening

Bensinstasjonar, kioskar/storkioskar kan ikkje få salsløyve jf. alkohollova § [3-8](#) og alkoholforskrifta § [3-4](#). For å sikra forsvarleg utøving med løyva, og skapa gode

og alkoholfrie opphaldsareal/sonar på stader der barn og unge ofte oppheld seg, tildeler Stord kommune ikkje skjenkeløyve til serveringsstader med sjølvbetening og servering av fastfood som t.d. gatekjøkken, storkioskar, bensinstasjonar, foodtrucks, matvogner og liknande.

#### 4. Ulike aldersgrenser i same lokale

For å letta gjennomføringa av kontroll med utøving av løyva og trygga at aldersgrensene vert overhaldne, vert det ikkje tildelt fast skjenkeløyve med ulike aldersgrenser i same skjenkelokale.

### 4.2. Særskilde lokale og område

#### 1. Lokale med aktivitet retta mot barn og unge, samt arbeidsplassar

For å avgrensa tilgjenge på alkohol på arbeidsplassar og skapa gode og alkoholfrie opphaldsareal/soner på stader der barn og unge ofte oppheld seg, vil følgjande stader ikkje få tildelt fast skjenkeløyve i Stord kommune:

- a) Skule- og barnehagebygg
- b) Kulturhus
- c) idrettshallar og idrettsanlegg
- d) Kantiner på arbeidsplassar
- e) Andre lokale der aktiviteter for barn og unge utgjer ein større del av tilbodet.

For punkta b) til e) kan det likevel etter ei konkret heilskapsvurdering bli gjeve enkeltløyve for alkoholgruppe 1 og 2.

For punkt b) kan det likevel etter ei konkret heilskapsvurdering bli gjeve fast skjenkeløyve for alkoholgruppe 1 og 2, med følgjande særskilte tilleggsvilkår:

- a) Skjenketid For å lette gjennomføring av kontroll og sikra ei forsvarleg utøving av skjenkeløyve i lokale med aktivitetar for barn og unge, skal skjenkestaden skal ha ei fast og føreseieleg skjenketid, som går fram av løyvevedtaket.
- b) Aldersgrenser For tydeleg å skilje arrangement for barn og unge frå vaksenarrangement skal skjenkelokalet vera stengt for barn og unge under 18 år, i den faste skjenketida.

#### 2. Geografisk plassering utanfor regions- og lokalsenter

For å avgrensa tilgjenge på alkoholhaldig drikke og bidra til å skapa eit trygt og godt uteliv, vert det som hovudregel ikkje tildelt fast skjenkeløyve i lokale plassert utanfor regionsentra (Leirvik og Heiane) og lokalsenteret (Sagvåg), som er regulerte for handel og næring. Det kan i særskilde høve, etter ei konkret heilskapsvurdering bli gjort unntak, t.d. gardsturisme, konferanse- og opplevingssenter o.l.

#### 3. Særskilde område utandørs

For å skapa gode og alkoholfrie opphaldsareal/soner på stader der barn og unge oppheld seg, vert det ikkje tildelt fast løyve til skjenking på uteområde som ligg i, eller attmed, møteplassar og leikeareal for barn og unge.

## 5. Salsløyve

Kommunalt salsløyve kan bli gjeve for alkoholhaldig drikke gruppe 1. Salsløyve vert som hovudregel berre gjeve til daglegvarebutikkar. Matvarer og andre nærings- og nytelsesmiddel vert rekna som daglegvarer. Det kan i særskilde høve, etter ei konkret heilskapsvurdering, bli gjeve løyve til spesialbutikkar som t.d. ølutsal og kvalitetsmatbutikkar.

### 5.1. Vilkår som gjeld for faste salsløyve i løyveperioden

For å sikra ei forsvarleg utøving og god kontroll med dei faste salsløyva i Stord kommune, vert det sett følgjande vilkår:

#### 1. Overordna stilling

Styrrar og reservestyrrar skal som hovudregel vera tilsett i 100% stilling. Ein person kan berre vera styrrar/reservestyrrar på ein stad.

#### 2. Salstid

For å sikra ei forsvarleg utøving av salsløyva og letta gjennomføring av kontroll, vert det stilt vilkår om at alkoholhaldig drikke gruppe 1 skal vera betalt innan salstida er slutt.

#### 3. Omsettingsoppgåve

Løyvehavar skal ved årsslutt, senda inn opplysningar om faktisk omsett mengd alkohol, med godkjenning frå revisor/rekneskapsførar. Seinast 31. mars påfølgjande år skal løyvehavar senda inn opplysningar om forventa omsett mengd alkohol for det inneverande året, jf. [alkoholforskrifta § 6-3](#).

Løyvegebyret skal betalast i samsvar med frist på fakturaen frå kommunen.

Ved opphøyr skal det sendast inn sluttoppgåve til kommunen.

#### 4. Redusera tilgjenge

Salsstaden skal ikkje sjølv leggja opp til tilbod eller aktivitetar som kan føra til auka kjøps- eller drikkepress, t.d. ølklubbar, abonnement på alkoholpakkar, eller liknande.

#### 5. Rettleiingssamtalar

Styrrar/reservestyrrar for løyvet pliktar å delta i samtalar og møte, som Stord kommune kallar dei inn til.

## 6. Skjenkeløyve

Skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1 til 3, kan bli tildelt til følgjande konsept; Spisestad, skjenkestad med liten eller ingen matserving, natt-løyve og hotell-løyve.

### 6.1. Vilkår som gjeld for faste skjenkeløyve i løyveperioden:

For å sikra forsvarleg utøving av løyva, tydelege ansvarlege, og for å kunna gjennomføra god kontroll med dei faste skjenkeløyva i Stord kommune, vert det sett følgjande vilkår:

#### 1. Overordna stilling

Styrar og reservestyrrar skal som hovudregel vera tilsett i 100% stilling. Ein person kan berre vera styrar/reservestyrrar på ein stad.

#### 2. Kunnskapsprøve og e-læringskurs for tilsette

Tilsette som skjenker alkohol skal dokumentera kompetanse i kunnskap om regelverk - i form av bestått kunnskapsprøve i alkohollova eller ved gjennomført e-læringskurs i situasjonshandtering, jf. [ansvarleg vertskap, Helsedirektoratet.no](https://www.helsedirektoratet.no)

#### 3. Omsettingsoppgåve

Løyvehavar skal ved årsslutt, senda inn opplysningar om faktisk omsett mengd alkohol, med godkjenning frå revisor/rekneskapsførar. Seinast 31. mars påfølgjande år skal løyvehavar senda inn opplysningar om forventa omsett mengd alkohol for det inneverande året, jf. [alkoholforskrifta § 6-3](#).

Løyvegebyret skal betalast i samsvar med frist på fakturaen frå kommunen.

Ved opphøyr skal dette meldast inn saman med ei sluttoppgåve.

#### 4. Skjenketid

Løyvehavar pliktar å innretta drifta på ein slik måte at det ikkje kan reisast tvil om at skjenketida vert overhalden. Løyvehavar eller tilsette ved skjenkestaden kan såleis ikkje skjenke utover fastsett skjenketid, heller ikkje til seg sjølv.

#### 5. Aldersgrenser

Løyvehavar pliktar å innretta drifta på ein slik måte at det ikkje kan reisast tvil om at løyvehavar overheld aldersgrensene.

#### 6. Tilsette

Det skal til ei kvar tid vera mogeleg å enkelt skilja dei tilsette frå gjestene, t.d t-skjorter, forkle, eller liknande.

#### 7. I arbeidstida

Det er ikkje tillate for tilsette å konsumera alkohol og/eller vera påverka av rusmiddel i arbeidstida.

#### 8. Pengespel

Det er ikkje er tillate med nokon form for pengespel i lokale der det blir skjenka alkohol i Stord kommune.

#### 9. Førebyggja overskjenking

Skjenkestaden skal ikkje leggja opp til tilbod eller aktivitetar som kan føra til auka drikkepress

#### 10. Rettleiingssamtalar og kurs

Styrar/reservestyrrar for løyvet pliktar å delta i samtalar og kurs, som Stord kommune kallar inn til.



## 11. Ulike skjenkelokale

Dersom same løyveharar har ulike skjenkelokale, med ulike konsept eller aldersgrenser knytt til same løyve, skal lokala vera fysisk åtskilde frå kvarandre og ha separate inngangar og barområde.

## 12. Utvida skjenkeløyve ute

Utvida skjenkeløyve for eitt enkelthøve, utandørs, kan etter ei særskild vurdering bli gjeve for ein lengre periode enn 6 dagar for kulturarrangement på kommunal grunn, der det ikkje kan bli tildelt fast skjenkeløyve for ein del av året, t.d. i telt på torget.

## 13. Arrangement for barn og unge

Ved arrangement retta mot barn og unge under 18 år, skal arrangementet utøvast i samsvar med [forskrift om politivedtekt i Stord kommune § 7-3](#), og det skal ikkje gå føre seg utskjenking av alkohol i skjenkelokalet, ein time før og ein time etter arrangementet.

## 14. Vakthald

Tal på vakter og tilsette må stå i forhold til talet på gjester. Dersom politiet finn det påkravd skal det haldast ordensvakter godkjent av politiet. Vakthald skal til ei kvar tid utøvast i samsvar med vaktverksemdslova eller lokal avtale med politiet.

### **6.2. Vilkår som gjeld for utandørs skjenking i løyveperioden:**

For å sikra forsvarleg drift, god kontroll og oversikt på utandørs skjenkeområde, vert det i Stord kommune stilt følgjande vilkår for skjenkeløyve utandørs:

- a) Skjenkearealet utandørs skal vera tydeleg fysisk avgrensa og skjenkestaden skal ha same inngangs-, alders- og sosial kontroll som på innandørs skjenkeområde.
- b) Det kan nyttast faste fysiske avgrensingar, eller avgrensingar som er festa i flyttbare fundament – likevel ikkje slik at avgrensinga lett kan flyttast av uvedkomande.
- c) Høgda på den fysiske avgrensinga skal vera mellom 80 cm og 120 cm, både for permanente og flyttbare avgrensingar.

### **6.3. Konsept, og vilkår knytt til konsept i løyveperioden.**

For å avgrensa tilgangen til alkohol for mindreårige, letta kontrollen med skjenkestadane og avverja skadeverknadane av alkohol, set Stord kommune følgjande vilkår ut frå konsept.

#### 1. Spisestad

Alminneleg skjenkeløyve til serveringsstader der ein større del av omsetjinga består av servering av mat, som kaféar og restaurantar. Ved alle spisestader skal det vera tilbod om servering ved bord, og førast ein variert varmmat-/kaldmat meny fram til kl. 22.00. Konseptet skal tydeleg skilja seg frå serveringsstader som ikkje kan få skjenkeløyve etter desse retningslinene pkt. 4.1.3.

Spisestader som stenger før kl. 22:00 kan likevel få tildelt skjenkeløyve.

## 2. Skjenkestad med liten eller ingen matsservering

Alminneleg skjenkeløyve til serveringsstader med liten eller ingen matsservering, slik som pubar, barar og diskotek, eller liknande som ikkje fell inn under andre kategoriar.

## 3. Nattløyve

Ein løyvehavar med alminneleg skjenkeløyve kan på særskilde vilkår og etter ein heilskapleg vurdering få tildelt skjenkeløyve som gjeld utover den alminnelege skjenketida natt til laurdag og natt til søndag, samt særskilde enkeltdagar som følgjer av forskrift om opningstider for serveringsstader, skjenke- og salstider i Stord kommune:

- a) Det skal til ei kvar tid vera aldersgrenser for staden sine gjester i samsvar med staden sitt alminnelege skjenkeløyve.
- b) Alle tilsette skal enten ha kunnskapsprøve for skjenking eller ansvarleg vertskapskurs, og dokumentasjon på dette skal kunne synast fram ved kontroll.

## 4. Hotelløyve

Gjeld for utskjenking av alkoholgruppe 1 og 2, til overnattingsgjester, utanfor hotellet sitt/sine alminnelege skjenkeområde. Stader som i denne samanhengen vert definert som hotell/overnattingsstad, har minst 20 rom med dusj/bad og toalett. I tillegg må verksemda ha resepsjonsteneste og lokale der alle måltida skal kunna bli servert. For verksemder som ikkje innfrir dei spesifikke krava til hotell, kan det i særskilte høve og etter ei konkret heilskapsvurdering gjerast unntak.

For å sikra ei forsvarleg utøving av skjenkeløyvet, gjeld følgjande vilkår:

Skjenkeløyve frå minibar/romservice/resepsjon, til eigne gjester, kan bli gjeve under føresetnad av at løyvehavaren syt for tilstrekkeleg gode rutinar og internkontroll som sikra at alkoholgruppe 3 ikkje vert servert, og at det vert teke tilstrekkeleg omsyn til aldersbestemmingane.

### **6.4. Utvida skjenkeløyve for eitt enkelt høve**

Verksemder med fast skjenkeløyve kan søka om å utvida skjenkeløyvet sitt til å gjelda i eit anna lokale, for andre alkoholgrupper eller klokkeslett, for eitt særskilt høve.

Dersom det vert søkt om utvida skjenkeløyve for eit anna lokale, må lokalet vera godkjent til føremålet og dokumentasjon på dette må følgja søknaden.

For å sikra forsvarleg utøving av løyvet i anna skjenkelokale, vert det sett følgjande vilkår:

- a) Det må sendast inn eigen og god nok internkontroll etter alkoholregelverket
- b) Skjenkestaden sine varer skal nyttast og omsettinga vert meldt inn i samband med årleg innrapportering av faktisk omsett mengd alkohol.

## 7. Skjenkeløyve for eitt enkelt høve

Nyting av alkohol på offentleg stad er forbode, også sjølv om det ikkje vert teke betaling for alkohol, jf. [alkoholova § 8-9](#).

Ein må søka om skjenkeløyve for eitt enkelt høve om ein skal ha eit arrangement som er ope for publikum i eit lokale utan skjenkeløyve eller utandørs på eit avgrensa område.

Om styrar og reservestyrrar har bestått kunnskapsprøven i alkoholova for skjenkeverksemd, opnar skjenkeløyvet for innkjøp engros, jf. [alkoholova § 1-4c](#).

### 7.1. Vilkår knytt til arrangementet

For å sikra at løyvehavar overheld alkoholregelverket og utøver løyvet forsvarleg gjeld følgjande vilkår:

#### 1. Meir enn 100 gjester

Ved arrangement med meir enn 100 gjester, skal det vera oppnemnd både ein styrrar og ein reservestyrrar for skjenkeløyvet.

#### 2. Store offentlege arrangement

Ved store offentlege arrangement skal både styrrar og reservestyrrar ha godkjent kunnskapsprøve i alkoholova for skjenkeverksemd. Det kan etter ei særskild og heilskapleg vurdering gjerast unntak dersom styrrar og reservestyrrar har gjennomført ansvarleg vertskapskurs.

#### 3. Forsvarleg utøving

Ved offentlege arrangement med meir enn 100 gjester skal det til ei kvar tid vera ein ansvarleg tilstade med kunnskapsprøve for skjenking, eller ansvarleg vertskapskurs.

#### 4. Arrangement for barn og unge

Ved kulturarrangement som også er retta mot barn og unge, skal arrangementet utøvast i samsvar med [forskrift om politivedtekt i Stord kommune § 7-3](#), og det skal vera tydelege alkoholfrie sonar.

#### 5. Lokale med aktivitetar for barn og unge

For å sikra god og alkoholfrie soner i lokale med aktivitetar for barn og unge, kan det berre bli gjeve løyve til alkoholserving når det ikkje går føre seg aktivitetar retta mot barn og unge i lokalet. Det skal heller ikkje gå føre seg utskjenking av alkohol i skjenkelokalet, ein time før, og ein time etter arrangementet.

#### 6. Vakthald

Det kan bli sett vilkår om vakthald. Dette vil gå fram i vedtak om løyve.

## 7.2. Ambulerande skjenkeløyve

Ambulerande skjenkeløyve – lukka lag – er knytt til private samkome som t.d. bryllaup og bursdagsfeiring, der gjester mottek ein privat invitasjon og har ei tilknytning til den personen som inviterer.

Ein må ha eit ambulerande skjenkeløyve dersom:

- a) Ein leiger lokale som inkluderer ein eller fleire tenester frå utleigar, t.d. servering av mat, vasking av lokalet etter arrangementet og liknande.
- b) Ein tek betaling for alkoholhaldig drikke.
- c) Lokalet der arrangementet skal haldast, har serveringsløyve.

Samkome som ikkje oppfyller lova sine vilkår for ambulerande skjenkeløyve, og såleis må søke om skjenkeløyve for eitt enkelthøve, vil til dømes vera:

- Vanlege medlemsmøte i eit lag eller ei foreining
- Samkome for idrettslag, klubbar, organisasjonar e.l.
- Student- og russearrangement
- Kundekveldar, mat- og vin-kurs, kunstutstillingar, VIP-arrangement
- Arrangement som har avgrensa tilgang – med t.d. påmelding, men kor det ikkje føreligg ei naudsynt tilknytning til den/dei som inviterer, t.d. venners venners fest, blåturar på skip utan fast skjenkeløyve, og liknande.

## 8. Årsavgift for faste løyve, og gebyr for enkeltløyve

Ved søknad om førstegongs sals- eller skjenkeløyve, skal løyvehavar opplysa om forventa omsett mengd alkohol. Førstegongsavgifta vert sett i samsvar med alkoholforskrifta [§ 6-2](#).

### 8.1. Utrekning av årsgebyr

For faste sals og skjenkeløyve skjer utrekninga av årsgebyret på bakgrunn av forventa omsett mengd alkohol, og skal forskotsbetalast. Fristen for innrapportering av forventa omsett mengd alkohol i Stord kommune er seinast 31. mars.

Ved årsslutt, og seinast 31. mars, skal løyvehavar senda inn melding om faktisk omsett mengd alkohol. Det skal leggjast ved ei godkjenning av omsetnadsoppgåva frå revisor.

Dersom det er avvik mellom opplyst forventa omsett mengd alkohol, og innrapportering av faktisk omsett mengd alkohol, føretekk kommunen eit etteroppgjær.

Alkoholavgifta vert sett i samsvar med den til ei kvar tid gjeldande sats i [alkoholforskrifta § 6-2](#), og skal forskotsbetalast innan fristen på fakturaen frå kommunen.

Ved nedlegging av verksemda skal kommunen varslast på eige [skjema](#) via kommunen si heimeside. Ev. mellomlegg mellom oppgitt forventa omsetnad og faktisk omsett mengd alkoholhaldig drikke skal reknast inn i eit sluttoppgjær.

Alkoholavgifta går til å dekkja kommunen sine utgifter til opplæring, sakshandsaming og kontroll med utøving av alle kommunen sine sals- og skjenkeløyve.

### 8.2. Gebyr for enkeltløyve

For sals- og skjenkeløyve for eitt enkeltløyve – opne arrangement – skal det betalast eit minimumsgebyr i samsvar med [alkoholforskrifta § 6-2](#). Søknad om sal og skjenking for eitt enkelthøve skal vera for eit klart avgrensa arrangement, t.d marknad, festival eller konsert.

Løyvegebyret skal betalast i samsvar med fristen på fakturaen frå kommunen. For seint innbetalt gebyr kan få konsekvens ved vurdering av søknad om løyve ved eit seinare høve.

### 8.3. Ambulerande skjenkeløyve

Gebyr for ambulerande skjenkeløyve følgjer til ei kvar tid satsen for slikt løyve i [alkoholforskrifta § 6-2](#). Løyvegebyret skal betalast i samsvar med fristen på fakturaen frå kommunen.

## 9. Sakshandsamingstid

Kommunen si sakshandsaming følgjer dei alminnelege sakshandsamingsreglane etter forvaltningslova. I samsvar med [alkoholova § 1-11](#), må det for faste løyve påreknast ei sakshandsamingstid på inntil 4 månader. Handsaming av søknader om sal- eller skjenking for eitt enkelthøve kan ta kortare tid.

Sakshandsamingstida gjeld frå den datoen all påkravd dokumentasjon har kome inn til kommunen og til vedtak vert fatta, jf. [forskrift til forvaltningslova § 38](#). Dersom det under sakshandsamingstida vert lagt fram nye opplysningar som kan få betydning for vedtaket i saka må det påreknast at sakshandsamingstida vert utvida.

Det skal i samsvar med [alkoholova § 1-7](#), andre ledd, hentast inn høyringsuttalar frå politi- og sosialmynde innan det vert fatta vedtak om sals- og skjenkeløyve. I Stord kommune vert førespurnad om uttale sendt til folkehelsekoordinatoren og einingsleiar ved NAV. Det kan også bli henta uttale frå andre mynde.

### 9.1. Pårekna sakshandsamingstid for ulike sals- og skjenkeløyve

|   |                |
|---|----------------|
| Faste sals- og skjenkeløyve / Skjenkeløyve for ein bestemt del av året  | Inntil 4 mnd.  |
| Utvida skjenkeløyve for eitt enkelthøve – anna klokkeslett  | Inntil 2 veker |
| Utvida skjenkeløyve for eitt enkelthøve – anna alkoholgruppe/alder  | Inntil 2 veker |
| Utvida skjenkeløyve for eitt enkelthøve – anna skjenkelokale<br>Sakshandsamingstida kan verta kortare dersom arrangementet på førehand er meldt inn til politiet og Stord brann og redning. | Inntil 8 veker |
| Utvida skjenkeløyve til innføring/produksjon/skjenking  | Inntil 4 mnd   |
| Utvida salsløyve til innføring/produksjon/sal   | Inntil 4 mnd   |
| Skjenkeløyve for eitt enkelthøve.<br>Sakshandsamingstida kan verta kortare dersom arrangementet på førehand er meldt inn til politiet og Stord brann og redning.                            | Inntil 8 veker |
| Ambulerande skjenkeløyve  | Inntil 2 veker |

Søknader som kjem inn etter den pårekna sakshandsamingstida, kan ikkje rekna med at kommunen rekk å fatta vedtak innan planlagt oppstarts- eller arrangementsdato.

## KAP. 10. Kontroll med kommunale sals- og skjenkeløyve

NoRoSun er eit kommunesamarbeid administrert av Sauda kommune som utfører kontroll med dei faste sals- og skjenkeløyva i Nord-Rogaland og Sunnhordland,. Kontrollane vert gjennomførte etter ein nærare fastsett plan og det er to årlege samarbeidsmøte med samarbeidskommunane.

Kommunen har sjølv ansvaret for utføringa av kontroll med dei kommunale enkeltløyva til sal og skjenking, jf. [alkoholforskrifta § 9-1](#). Kommunen kan også gjennomføra dokumenttilsyn t.d. med sosiale medium, sjekka om det er manglar i internkontrollhandboka, om omsetjingsoppgåva er levert, eller om omsetjingsgebyret er betalt.

Dokumentert brot på alkoholregelverket skal føra til prikktildeling i medhald av alkoholforskrifta [§ 10-3](#). Vedtak om prikktildeling vert rapporterte fortløpande som referatsak til formannskapet.

### 10.1. Rapportering

Kommunen må registrera inn, og halda ved like, opplysningar om alle løyvehavarane i Helsedirektoratet sitt bevillingsregister, jf. [alkoholforskriften § 13-3](#).

Folkehelseinstituttet samlar årleg inn opplysningar om kommunen sine sals- og skjenkeløyve og forvaltninga knytt til desse, jf. [alkoholforskrifta § 7-3](#).

Med utgangspunkt i Folkehelseinstituttet si årlege innhenting av opplysningar vert det utarbeid ein årsrapport om kommunen utføring av forvaltingsoppgåvene knytt til alkoholregelverket. Årsrapporten vert lagt fram som referatsak til formannskapet, utval for oppvekst og kultur og utval for rehabilitering, helse og omsorg.

## KAP 11. Ved brot på alkohollovregelverket

Ved brot som nemnt i [alkoholforskrifta § 10-3](#) skal kommunen tildela løyvehavar eit bestemt antal prikkar, jf. [alkoholforskrifta § 10-2](#).

### 1. Prikktildeling

Tildeling av prikkar er eit enkeltvedtak, jf. [forvaltningslova kap. V](#).

Tildelte antal prikkar kan takast med i vurderinga om ein løyvehavar må søka om fornying ved utløp av løyveperioden.

### 2. Inndraging av løyve

Kommunen kan i løyveperioden inndra sals- og skjenkeløyve for eit kortare tidsrom, eller for resten av løyveperioden.

Inndraging av sals- eller skjenkeløyve er eit enkeltvedtak, jf. [forvaltningslova kap. V](#).

### 3. klagehandsaming

Kommunen sine enkeltvedtak kan påklagast til Statsforvaltaren, jf. [alkohollova § 1-16](#).